



Medlemmar i Driftsstyret
ved Kleppe skule

REFERAT FRÅ MØTE I DRIFTSSTYRE KLEPPE SKULE TYS DAG 06.02.18 KL.18-20

Tilstade: Dag Folkvord, Else Berit Hattaland, Torunn Vigrestad, Mette E Brunes, Gro Jeanett Birkeland Davis, Kjersti Olimb Salte, Anna Hove, Knut Alexander D Haus, Daniel Boye og Sylvia Gjersdal

Forfall: Hanne Bø Kaspersen

Sak 14/17-18 Godkjenning av referatet frå 22.11.17.
Referatet vart godkjent.

Sak15/17-18 Gjennomgang av resultat frå nasjonale prøvar
Kleppe skule hadde gode resultat på dei nasjonale prøvane, 52 poeng i lesing, 52 i rekning og 51 i engelsk. Det er færre elevar på det lågaste nivået(1) no enn før. Rektor gjekk gjennom resultata og korleis ein arbeidar vidare med dette.

Sak16/17-18 Gjennomgang av resultat frå elevundersøkinga
Resultatet frå elevundersøkinga på 5.-7.trinn viser at elevane trives godt på skulen. Det er lite mobbing. På alle områda er scoren høgare enn på nasjonalt-, fylkes-og kommunalt nivå. Resultata vart lagt fram og drøfta.

Sak17/17-18 Gjennomgang av resultat frå foreldreundersøkinga
Resultata for undersøkinga vart lagt fram og drøfta. Undersøkinga viser at foreldra er godt nøgde med elevane si opplæring. Det er positiv framgang på foreldreundersøkinga. Sett bort frå svarprosenten så er resultata høgare enn på nasjonalt og fylkesnivå, og ca på same nivå som kommunen.
Dei har og vore drøfta i FAU. Saman har ein kome fram til to områder ein vil arbeide vidare med for å betre: info frå skulen(på systemnivå) og svarprosent.
Utviklingsgruppa tenker at det kan vere lurt å satse på foreldreopplæring i digitale ferdigheter framover. F. eks work-shop i ulike appar. Ein kan godt bruke deler av foreldremøta til dette.
FAU har fleire innspel til korleis ein kan få opp svarprosenten i framtida, blant anna at ein sikrer at informasjon med kode blir sendt til begge foreldre, og at ein utlyser konkurranse med premiering til det trinnet med best svarprosent.

Sak 18/17-18 Økonomi
Rektor la fram økonomirapport for 2017.
Skulen hadde eit underforbruk på ca 600000,- SFO hadde overforbruk pga nedgang i foreldrebetaling. Skulen reknar med å få overført midlene til rekneskapsåret 2018, endeleg avgjerd på dette er det kommunestyret som fattar våren 2018. På grunn av auka utgifter til auka bemanning reknar skulen med at desse midlene vil blir brukt i 2018, og at ein er i balanse ved årsskiftet 2018/2019.



Sak 19/17-18 Til orientering: Ordensreglement ved skulane i Klepp kommune er vedteke i hovudutval for skule og barnehage.

Ordensreglementet er sendt til medlemmane i driftsstyret. Dei trer ikraftved Kleppe skule frå nytt skuleår.

Saka er teken til orientering.

Sak20/17-18 Aktuell info frå Elevråd, FAU, Skulen/SFO og Hovudutvalet

Elevråd:

Godt gjennomført Talentiade, veldig kjekt! Honnør til språkstasjonen for programleiarjobb.

Teiknekonkurranse blant elevane er lyst ut og i gang. Skulen skal få ny fane, og den som har den beste ideèn blir premiært. FAU er oppdragsgivar.

FAU, Elevrådet og rektor er juri.Frist for forslag er 15.februar. Elevrådet leverer forslaga til rektor som tek det vidare til FAU.

FAU:

Har fått 60000,- i støtte til ny fane frå Sandnes sparebank. Saman med inntektene frå sal på 50-årsjubileumet er det nok pengar til ny fane.

FAU registrerer seg i Brønnøysundregisteret og administrerer kontoar til klassekassar. Då kan alle klassekassar få Vipps!

Skulen og SFO:

I løpet av februar 2018 har alle elevar fått kvar sitt læringsbrett.

Hovudutval for skule og barnehage:

Det nærmer seg ei avgjerd ifht BMX-tomta der ein ønsker at ny skule skal byggjast.

Ordensreglement for skulane i Klepp er vedteke.

20.februar er det felles møte for skuleleiarar og hovudutvala i Jærskulen.

Neste møte er 17.april 2018 (Skulemiljøutvalsmøte)

Kleppe skule, 12.03.2018

Sylvia Gjersdal
Referent